

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 15.02.2017
Vår ref.: 2017/199-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:16/2241 – 17/248

Att. Andreas Sandnes Granli

Varsel om arkeologisk registrering - landbruksveg - gnr 43 bnr 11 Toska - Radøy kommune

Viser til brev datert 06.01.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev datert 01.02.2017 med varsel om kulturhistorisk synfaring.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne i den planlagde vegtraseen, men det er frå før kjend fleire steinalderbuplassar på Toska. Den 02.02.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle arealet. Området si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensial for nye førhistoriske funn. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført. Arbeidsomfanget er estimert til to dagar i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skrivning av rapport. Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekkjer Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske registreringa vil verta gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med grunneigar.

Hordaland fylkeskommune ber kommunen om å vente med å fatte vedtak i saka til den arkeologiske registreringa er gjennomført, og tilhøve til kulturminneinteresser er avklart.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.